

**NYSTOG** GNR: 151 BNR:3 TONE & HALVOR LOGNVIK  
ORG.NR NO 869 368 482 MVA BANK 2620.02.20659

# KJELINGNUT

PLANBESKRIVELSE



ADR: AUSTBØVEGEN 89 - 3864 • RAULAND MOB 90649700  
TELEFON: 35073470 • TELEFAKS: 35073370  
E-POST: LOGNVIK@TELEFIBER.NO - [WWW.LOGNVIK.NO](http://WWW.LOGNVIK.NO)

## **INNHALDSFORTEGNELSE**

DATA

KOMMUNEPLAN

KOMMUNEDELPLAN RJUKKEMO/TORVETJØNN

H 21

H 21 FORMÅL MED PLANEN

H 21 F1

H 21 VEGETASJON

H 21 SKREDFARE

H 21 VASSÅRER

H 21 KULRURMINNE

H 21 VEG OG TRAFIKKFORHOLD

H 21 KLIMAFORHOLD

H 21 VILT

H 21 NATURMILJØ

H 21 MILJØVERNINTERESSER

H 21 FRILUFTSLIV

H 21 EL/BREIBAND

H 21 VA

H 21 RENOVASJON

H 21 NABOFORHOLD

H 21 SLUTTKOMMENTAR

## PLANBESKRIVELSE KJELINGNUT

### Data

**Gnr 151          bnr 3          Rauland**

**Tone & Halvor Lognvik**

**Del av kommunedelplan Rjukkemo/Torvetjønn datert 2001**

**Felt H 21**

### Kommuneplan

Utmarksdelen i kommuneplanen er utarbeida for heile kommunen. Men i områder med spesielt stor aktivitet er det utarbeida kommunedelplanar. Desse er del av utmarksdelen, men er meire detaljerte enn kommuneplanen. Så i dei mest aktive områda er det kommunedelplanen som er overordna planverk.

Kjelingnut planen er del av Kommunedelplan Rjukkemo /Torvetjønn datert 17 sept 2001.

### Kommunedelplan Rjukkemo /Torvetjønn

Er planen som omhandlar tyngste turistutbyggingsområdet i Rauland. Området for delplanen er frå Austbø til Torvetjønn /Heimvegli. Innom dette området er Holtardalen/Skisenteret med tung utbygging av skiheisar – hytter og leiligheter. Lengre opp er Rauland Høgfjellshotell med skibakkar hytter og leiligheter. Litt lengre opp Vierlianlegga med fokus på brettkjøring.

Kommunen har bygd eige vassforsyningsanlegg samt lagt Vatn og Avløpsledning frå dette området ned til renseanlegget ved Totak. Grunneigarane har bygd fordelingsnett for eiga utbygging.

Område H 21 ligg langs riksvegen ca 300 m sud for Rauland Høgfjellshotell nord for riksvegen og oppover mot Vesle Kjelingnuten. Området er sud vest vendt.

### H 21

H 21 er eit delvis myrlendt område svakt hellande på den nedre delen og ganske bratt øverst. I dag er der 4 gamle hytter innanfor området. Øverst i planfeltet kryssar ei kommunikasjonsløype mellom Rauland Høgfjellshotell og Rauland Skisenter/Holtardalen. Ei svært viktig kommunikasjonsløype for bae virksomhetane. Planen strekker seg opp til denne løypa.

## H 21 Formål med planen

Er å legge til rette for bygging av fritidshytter samt utleigeiningar i samsvar med retningslinene i Kommunedelplanen. Utleigedelen er tenkt på området nærmast Hotellet og vegen . Fritidshyttene på resten av feltet .

Området er tenkt brukt så intensivt som råd for at eit område som blir disponert for utbygging skal gje så stor avkastning som råd , samtidig med at infrastrukturen skal bli så rimeleg som råd, både i investeringsfasen samt seinare i driftsfasen. Planen legg opp til 42 nye fritidshytter i tillegg til dei 4 eksisterande hyttene . Området for utleige er merka F 1 og blått .

## H 21 - F1

F1 er tenkt med utleigebygg med leiligheter . Parkering i garasje under bygga , evt uteparkering . Utnyttingsgrad minimum 30% . Detaljert byggesøknad som visar bygg samt parkering adkomst

## H 21 Vegetasjon

Er litt furutre i området delvis flotte tre . Desse er tenkt bevara .

Elles er det bjørkeskog i området og delvis gammel skog , så krattveksten er liten

Så er det sjølvsagt eindel vier brisk i området . Ein vil behandle vegetasjon /tre så skånsomt som råd for å bevare området attraktivitet og forhåpentlegvis interesse for å sikre seg tomt i området .

## H 21 Skredfare

Området har ingen registreringar for skredfare

## H 21 Vassårer

Her er oppkommer i området og ein av desse er brukt til vassbrønn for hyttene som er der . 6 hytter fær vatn frå denne brønnen , Anlegget blir verande som reserveanlegg , men elles må området forsynast med vatn frå det kommunale vassanlegget . Grunnen til at dette ikkje alt er gjort er at me må hente ut vatn frå øvre trykksone i det kommunale nettet for å kunne forsyne dette feltet med vatn. Og det har så langt ikkje vore gjort . Det krev egen ledning frå Hotellet bort til feltet . Øvrige vassårer må ledast inn i overvannsgrøfter langs framtidige vegar .

## H 21 Kulturminne

Som over alt elles i Rauland fins det og kolgroper her 2 stk

Desse inneheld det samme som alle andre kolgroper , men er allikevel eit kulturelt inslag i området . Desse ønsker me å bevare urørte . Kolgroper kan vera eit positivt element for attraktiviteten av feltet. Det er dermed viktig at dei fær ligge urørte.

## H21 Veg og trafikkforhold

I området er der i dag veg fram til eksisterande hytter . Desse vegane har separate avkjørslar i dag . Båe avkjørslar er tidlegare godkjente. På befaringa med vegvesenet blei me enige om å samle alt i ei avkjørsel. Undertegna stend fritt til å plassere denne der det måtte passe best ein eller anna stad mellom eksisterande avkjørslar. Den nye avkjørsla vil sansynlegvis bli plassert omtrent der planen visar . Dei gamle avkjørslane blir deretter stengt Vegane skal byggast med maksimalt 10% stigning . Dette er kravet i Skogsveg klasse 3 . For vegbygginga vil normene i Skogsveg klasse 3 bli lagt til grunn Dette for å sikre at vegane er godt farbare ved dei fleste forhold. I eit område som dette er det viktig at bilar kan stoppe ved evt hindringar i vegbanen .Så stigningskravet er fyrst og fremst sikkerhet for mjuke trafikantar.

Langs riksvegen blir det sett av areal til GS veg /skiløype.

I utgangspunktet er desse traseane tenkte innafor byggeforbudssona på 30 m. Men det kan enkelte plassar bli nødvendig å gå utover denne grensa dersom geografiske forhold gjer dette nødvendig .

GS veg /skiløype vil i utgangspunktet bli samla i ein brøytta trase som også blir adkomst til enkelte hytter . Dermed sikrar ein seg at desse traseane blir lett tilgjengeleg for mjuke trafikantar frå starten av . Men areal er sett av for separat GS/adkomstveg og skiløype

Denne blir opparbeidd når det passr inn i drift av området.

Traseen skal og kunne brøytast for bruk som tilkomst til hytter eller som GS veg Det blir lagt opp til kombinasjonsbruk for heile eller delar av strekningen.

Gnr 151 Bnr 3 er eigar av arealet på båe sider av riksvegen mellom Skisenteret og hotellet . Alle bakkeanlegg er imidlertid lokaliserte på nordsida av riksvegen. Dette medfører at mange som køyrer skogsløyper etc kjem ned til riksvegen i dette området . Det er derfor viktig å ha ein trygg oppsamlingstrase på nordsida av riksvegen brøytta eller kjørt med trokkemaskin slik at ein slepp skiløypaparar i riksvegen.

## H 21 Klimaforhold

Området ligg ope sud vest vendt med god utsikt til Hardangervidda representert ved kanten – Raulandsfjell. Her er gode solforhold og ikkje altfor verhardt

## H 21 Vilt

I område sud for H 21 mot Rauland Skisenter er det tenkt skitrekk og bakkeanlegg på delar av området . Her er gode beiteområde og heile Kjelingstaullia er tidleg på våren . Elg og husdyr trivest godt i dette området og det ser ut som at området framleis er bruka som gjennomfartsåre og beiteområde til tross for den store utbygginga som har vore i Skisenter /Holtarområdet . Denne planen vil ikkje øydelegge for beitinga eller gjennomgangen i området . Viltet ser ut til å tilpasse seg dei nye forholda. Men jakt er vanskeleg å utøve i område som blir så tett utbygd som det her er snakk om.

## H 21 Naturmiljø

H 21 er del av Kjellingstaullia. Dette er tradisjonelt eit svært godt beiteområde sudvendt og tidleg om våren. Skrånande lende med vekslande lausmassetjukkleik. Blanding av fastmark og myrlendt område .

Oppkommer enkelte plassar og elles avrenning i form av småbekkar .

Vegetasjonen er som elles i området med overvekt av bjørk – kratt og brisk.

Områda rundt er tungt utbygde turistområde med stor trafikk . Vinje Kommune har bevisst valgt dette området som område for tung turistutbygging. Så både kommuneplan og kommunedelplan har vurdert dei ulike verdimåla og valgt å bruke dette området som tungt utbyggingsområde

Naturmiljøet har dermed kun akademisk interesse , då desse vurderingane er gjorde for mange år sidan. Pga den tunge utbygginga i området blir beiteområdet svært vanskeleg å bruke i tradisjonell landbruksdrift

## H 21 Miljøverninteresser

Desse er vurderte i overordna planar og har såleis kun akademisk interesse. Men utbygginga vil ta hensyn til og bevare landskapet så godt som maugleg

## H 21 Friluftsliv

Det er ingen trafikkbelastning å snakke om på vegane i feltet og desse vil derfor bli brukt av fotgjengerar både sommar og vinter om ein skal i bakken eller ut i terrenget . Både områet nord og sud for riksvegen har mykje løyper og stiar sommar som vinter . I tillegg er der store opne område uten løyper/stiar. Inne i sjølv feltet er det ikkje lagt opp til aktivitetsanlegg av noko slag Men som nevnt tidlegare er det lagt opp til GS veg /Skiløype langs riksvegen . På toppen av feltet går kommunikasjonsløypa mellom Hotellet og Skisentret . Og i framtida som nevnt - trekk og skibakkar sud for feltet.

## H 21 - El /breiband

Øverst i feltet kryssar Høgspentlinja til Rauland Kraftlag. Denne er tenkt lagt i jord om ikkje altfor lenge. Me er enige om traseen for kabelen. Feltet må sansynlegvis ha sin egen trafostasjon . Plassering i samråd med Rauland Kraftforsyning. El til hyttene vil bli ført fram via jordkabel og fortrinnsvis i VA grøftene. Blåserør for fiber er standard i dag og dette blåserøret er del av el kabelen.

## H 21 VA

Eksisterande hytter er tilknytta kommunens avløpsanlegg gjennom private avløpsledningar . Tilkobling til kommunens VA nett nesten nede ved Skisenteret.

Trykksone på vatnet er slik at dei som ligg vest for riksvegen har kommunalt vatn. For feltet H 21 må me knytte dette til øvre trykksone ved hotellet for at det skal ha tilstrekkeleg trykk. Det vil derfor bli lagt både vatn og avløp frå tilkoblingskummen ved hotellet og over til eksisterande nett i feltet . Dermed vil heile feltet få kommunalt vatn. Men avløpet blir dela i to. Den delen av feltet som ligg lågare enn tikoblinga til øvre trykksone , vil framleis måtte ha sitt avløp i eksisterande avløpsledning . Den delen som ligg høgare enn øvre trykksone tilføsel vil deretter bli kanalisert mot tilkoblinga ved Hotellet .

### H 21 Renovasjon

Det blir satt av areal for containerplassering nede ved riksvegen

### H 21 Naboforhold

Planområdet grensar mot Nystog 151/3 over alt bortsett frå nordsida. Her grensar Nystog mot eigedomen til Tore Sigstad nederst mot riksvegen. Lengre opp grensar området mot eit tidlegare hyttefelt tilhøyrande Skeie. Her er sett av 4 m buffersone som avtalt mellom grunneigarane i si tid

### H 21 Sluttkommentar

Planbeskrivelsen oppsummerar dei faktiske forholda for området no og framover . Egnahetsvurderingane er gjort i forbindelse med utarbeidelse av kommunedelplanen. Imidlertid ønsker me ein liten utvidelse av dette feltet fram mot det som skal bli framtidig nedfart . Men detaljerte ønskemål for framtidig grense må ein komma tilbake til i forbindelse med rullering av delplanen. Dette må sansynlegvis skje i løpet av inneverande valgperiode

Nystog i januar 2013

Halvor Lognvik